



Månefisken blir presentert på Sandakaien av (frå venstre) Tore Hellen, Arild Benjaminsson og Willy Ommer, alle frå Halsnøy. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tre brislingfiskarar frå Halsnøy, ombord på Vaaghav, fekk ei skikkeleg overrasking i Matrefjorden då det dukka opp frå djupet ein månefisk (mola mola) som viste seg å vega 27 kilo. Det er første gongen skippar Arild Benjaminsson har vore med og teke ein slik fangst.

Men det er slett ingen sensasjon at det blir fanga månefisk i vårt område. Sjølv om han hovudsakeleg er knytt til tropiske eller tempererte hav blir han - som andre fiskeslag frå varmare hav - stadig meir vanleg også langs våre kyster. Benjaminsson minner om at det til og med er fanga sverdfisk her.

Vi les i Wikipedia at månefisken også vert kalla klumpfisk fordi han er så høg i forhold til lengda. Og han kan bli utruleg stor, faktisk opptil 3,5 meter lang og vega over 2.300 kilo. Fargen er normalt gråbrun, men vekslar mellom ulike nyansar.

Månefisken et stort sett manetar, men også blekksprut, salpar, plantar og småfisk.

Månefiskane 'flyt' ofte nær vassoverflata der dei varmar seg i sola før dei går ned på djupare og kaldare vatn for å finna føde. Den store, runde og flate kroppen er tilpassa til å driva passivt med straumen, noko som har gjeve arten kallenamnet 'verdas største plankton'

Under gyting spreier denne fisken enorme eggmengdar, opptil 300 millionar!

- Og no blir det festmåltid på månefisk, skippar Benjaminsson..??
- Eg kjem i alle fall ikkje til å eta han!

Av Ola Matti Mathisen